



Julagrano i Uskedalen er pynta av nokon som kan det, skriv Olaf Agnar Gausvik i sin limerick.

**Olaf Agnar Gausvik har skrive limerick om Julagrano i Uskedalen. Limericken er lagt ut på nettstaden Limerickens beste vener, som har 200 vener og mange andre lesarar i heile landet. Julagrano i Uskedalen har kvart år vore pynta med ljøs sidan 1963. Det er medlemmer i Uskedal musikklag som har stått for dette arbeidet.**

I mange åra var julegrantenninga 3. søndag i advent, i forkant av julekonserten i kyrkja. Etter ynskje mellom anna frå handelsstanden og skulen vart tenninga flytta til fredagen næraste 1. søndag i advent. Slik har det vore i mange år.

***Limerick til Julagrano i Uskedalen, skreven av Olaf Agnar Gausvik.***

***Om du spør, skal eg sei kor eg fann det  
mest glitrande treet i landet.  
Det står stolt i det fri  
i heimbygda mi,  
og er pynta av nokon som kan det.***

Tekst/nett: Kristian Bringedal  
Foto: Arkivfoto